

Det Kgl. kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

| |
|-------------------------------|
| KOMM. OG REG. DEP |
| - 6 FEB 2006 05/3280 - 213 |
| Ark. 661. 0 |
| Avd. KO / KØ / HER |

Vår ref.
05/01321-004/KT

Arkivkode
230 &13

Dykkar ref.

Dato
01.02.2006

**HØRING: INNTEKTSUTVALGETS UTREDNING - NOU 2005:18 - FORDELING,
FORENKLING, FORBEDRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG
FYLKESKOM**


MELDING OM VEDTAK

Formannskapet handsama i møte 19.01.2006 sak 0004/06. De vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:

Sogndal kommune meiner det er trong for å gjennomgå inntekstsystemet for kommunar og fylkeskommunar med bakgrunn i utgreinga frå inntekssystemutvalet (NOU 2005:18). Sogndal kommune har følgjande merknader til tilrådinga frå inntekssystemutvalet:

- kommunale vegar må inn i kostnadsnøkkelen for kommunane
- kommunar med høgare utdanningsinstitusjonar må få kompensert for studentar som ikkje er folkeregistrerte i kommunen
- auka kostnader knytt til det å vere eit regionsenter må kompenseras gjennom inntektssystemet.

Med helsing


Jostein Aanestad
rådmann

Kopi til: KS Sogn og Fjordane

Saksh.: Kåre Træen
Arkivsak: 05/01321

Arkiv: 230 &13

Saksnr.: Utval
0004/06 Formannskapet

Møtedato
19.01.2006

Sak 0004/06

**HØYRING: INNTEKTSUTVALET SI UTGREIING - NOU 2005:18 -
FORDELING, FORENKLING, FORBETRING - INNTEKTSSYSTEMET
FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOM**

Rådmannen si innstilling:

Sogndal kommune meiner det er trong for å gjennomgå inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar med bakgrunn i utgreiinga frå inntekssystemutvalet (NOU 2005:18). Sogndal kommune har følgjande merknader til tilrådinga frå inntekssystemutvalet:

- kommunale vegar må inn i kostnadsnøkkelen for kommunane
- kommunar med høgare utdanningsinstitusjonar må få kompensert for studentar som ikkje er folkeregistrerte i kommunen
- auka kostnader knytt til det å vere eit regionsenter må kompenseras gjennom inntektssystemet.

Vedlegg:

- KS sin "mal" for høyringsuttale. (vedl.1).
- Utgiftsutjamninga ein del av inntektssystemet til kommunane (<http://www.ks.no> – aktivitetar – kommuneøkonomi og statistikk – 15.12.2005 Inntektssystemet for kommunane ...) (vedl. 2).
- Lysark frå KS (vedl. 3).
- Endring for Sogndal kommune mellom "gamal" og "ny" kostnadsnøkkel (vedl.4).

Uprenta vedlegg:

- NOU 2005:18 – <http://www.odin.dep.no/krd/norsk/dep/utvalg/inntekt/bn.html>

Saksutgreiing:

Som saksinformasjon vert det m.a. vist til KS si heimeside, der det ligg oppsummeringar av NOU 2005:18.

Hovudelement i gjeldande inntektssystem er :

- Inntektsutjamninga (symetrisk utjamning av skatteinntekter)
- Utgiftsutjamninga
- Innbyggjartilskot
- Nord-Norgetilskot
- Regionaltilskot (til kommunar under 3200 innbyggjarar)
- Skjønstilskot (tildelt som ramme i kommuneproposisjonen og fordelt av fylkesmannen)

I saksutgreiinga vert endringane som er tilrådd frå Inntektssystemutvalet brukt som disposisjon, og verknader for Sogndal kommune kommentert. Utgreiinga til rådmannen er lagt opp slik at mykje av informasjonen er i vedlegga, og difor er det ein fordel at ein gjer seg kjent i vedlegga før saksutgreiinga.

Ny kostnadsnøkkel for kommunar og fylkeskommunar

Utgiftsutjamninga er basert på gjennomarbeida analysar og kostnader i kommunesektoren igjennom brukarundersøkingar, statistiske analysar for enkeltsektorar og simultane analysar. Utgiftsutjamninga fungerer som ei rein omfordeling mellom kommunane av ufrivillige kostnadsulempar for nasjonale velferdsoppgåver. Siste større endring i utgiftsutjamninga vart gjort ved førre revisjon av inntektssystemet i 1997, men større eller mindre justeringar av nøklane er blitt gjennomført frå 1997 og fram til i dag. Val av kostnadsnøklar og vekting av desse, får avgjersle for utrekning av utgiftsbehovet til kommunane gjennom tillegg eller trekk i det normerte kostnadsbehovet pr innbyggjar, som i 2006 for alle primærkommunane er kr 26 707 pr innbyggjar, med utgiftsbehovindeks 1,00. Er indeksen over 1 får kommunen eit tillegg, under 1 eit trekk i rammetilskotet frå staten, som følgje av at kommunen enten er "tung" eller "lett" å drive for dei tenester som er med i indeksen. Utviklinga av indeksen for Sogndal kommune dei siste år er med trekk pr innbyggjar i kroner; 1994: 0,9469 – 1173,- pr innbyggjar, 2005: 0,9421 – 1421,- pr innbyggjar og 2006: 0,95019 – 1330,- pr innbyggjar. Som ein ser endrar indeksen seg frå år til år. I forslag til ny kostnadsnøkkel og endra vekting er indeksen for kommunen 0,96262, som gjev eit trekk på kr 923 pr innbyggjar, sum 6,2 mill kroner med 6700 innbyggjarar. Dette utgjer ein reduksjon på kr 479 pr innbyggjar eller sum 3,2 mill kroner mot "gammal" indeks. Desse tal er brukt for å synleggjere dei økonomiske endringane. Ut frå den samansetjing kommunen no har i nøklane vil Sogndal kommune kome positivt ut. Indeksen er samansett av kostnader frå tenesteområda administrasjon, landbruk/miljøvern, skule, pleie- og omsorg, barnevern og sosialhjelp. Utvalet har tilrådd at landbruk/miljøvern går ut, og at det vert gjort endringar i dei andre områda. Vedlegg 4 viser endringane i utrekninga av utgiftsbehov etter noverande og ny kostnadsnøkkel. Størst utslag gjev auka vekting for pleie-/omsorg og sosialhjelp. Redusert vekting for skule gjev eit lågare tillegg.

Utvalet har ikkje tilrådd å innføre eigen kostnadsnøkkel for kommunale vegar. Det kommunale vegnettet representerer for mange kommunar ein stor utgiftspost, og er viktig for å halde oppe busetnad i heile kommunen. Inntektssystemutvalet sitt argument er at det kommunale vegnettet ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Kommunale vegnettet representerer ei viktig velferdstenester og kommunale kostnader som etter rådmannen si vurdering må reflekterast i inntektssystemet. Det bør vera ein kostnadsnøkkel for kommunale vegar på lik line med fylkesvegar.

Ny barnehagenøkkel er omtalt i ei delutgreiing frå utvalet, men ikkje innført i påvente av full barnehagedekning.

Prognosebasert inntektsutjamning

Utvalet tilrår ein prognosebasert inntektsutjamning for å auke stabiliteten i inntekter og tilbodet i velferdstenester. Sviktar skatteinntektene skjer det ein automatisk kompensasjon frå staten, motsett blir meirinntekter på skatt delvis inndrege.

Vekstkommunar

Utvalet legg ikkje opp til å kompensere utfordringane vekstkommunane har, og grunnlegg dette med at det er vanskeleg å kompensere vekstkommunar for at dei har ein betre og meir moderne infrastruktur enn andre kommunar. Vidare er det argumentert for at vekstkommunar samla sett har mindre utfordringar enn kommunar med fråflytting, og at dei sist nemnde vil ha større problem med kapitalkostnader enn vekstkommunar. Dersom vekstkommunar ikkje får kompensasjon for auka drift og utbygging bør bruk av skjøn kompensere for auka kostnader.

Fordelinga i inntektssystemet er no basert på oppdaterte folketal (pr 1. januar i budsjettåret) for betre å fange opp endring i utgiftsbehovet i m.a. vekstkommunane. Dette har medført ei mindre føreseieleg og meir kompleks ordning. Det er vanskeleg for kommunane som får ein monaleg reduksjon i tilskotet ved den endelege utrekninga som kjem på nyåret, å tilpasse utgiftene i løpet av same budsjettår. Rådmannen tilrår difor at ein går tilbake til tidlegare ordning der ein nyttar folketalet 1. januar året før. Vekstkommunane sine behov vil likevel langt på veg bli fanga opp gjennom den løpande inntektsutjamninga som er basert på oppdaterte folketal.

Et redusert skjønstilskot

Utvalet tek til orde for at skjønspotten om lag skal halverast. Det er uvisst korleis dette slår ut for einskildkommunar, og ein må ha med seg dette punktet i utvalet si innstilling når ein samanliknar med eksisterande system.

Storleiken på skjønspotten bør i prinsippet reflektere i kor stor grad inntektssystemet gir den fordelingsprofilen Stortinget ønskjer. Eit godt system krev lite skjønsmidlar, eit mindre godt system mykje skjønsmidlar. Ekspertar vil alltid meine at dei har kome med eit godt system og såleis tilrå lite skjøn. Skjønstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk ut frå det behovet ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke av inntektssystemet.

Distriktpolitisk tilskot

Regionaltilskotet og Nord-Norgetilskotet i dagens system vert føreslege å gå ut og verta erstatta med eit distriktpolitisk tilskot. Sogndal kommune kjem ikkje inn under ny ordning med distriktpolitisk tilskot.

Overgangsordninga

Den skisserte overgangsordninga er etter rådmannen si vurdering enkel og god.

Rammestyring og likehandsaming av kommunale og private aktørar

Ut frå ei totalvurdering er rådmannen samd i prinsippet om at finansieringa av tenesteproduksjonen skjer gjennom kommunane uavhengig av lokal organisering (privat eller offentleg). Dette medfører også ei vesentleg forenkling.

Rammestyring og nasjonale velferdsreformer

Rådmannen har ikkje merknader til utvalet sine vurderingar når det gjeld bruken av handlingsplanar og øyremerka tilskot. Øyremerka tilskot inneber eit effektiviseringstap, både

ved at lokale politiske prioriteringar blir forstyrta, ved at ulike øymerka ordningar delvis motvirker kvarandre og ved ordningar som inneber mykje administrasjon i form av ekstra planarbeid og rapportering.

Reformer bør gjennomførast innanfor ei rammefinansiering og i eit forpliktande samarbeid mellom staten og kommunane ved KS, eventuelt ved bruk av lovbaserte virkemiddel i tillegg.

Andre tilhøve som vedkjem Sogndal kommune

Studentar

Utvalet omtalar (s. 160) kommunar med høgare utdanningsinstitusjonar som har utgifter til studentar som ikkje er folkeregistrert i kommunen. Utvalet vil ikkje tilrå at det vert etablert ein eigen kompensasjonsordning i inntektssystemet for kommunar med høgare utdanningsinstitusjonar no. Sogndal er ein kommune med høgare utdanningsinstitusjonar og mange studentar som ikkje er folketalsregistrert i kommunen, og som er brukarar av kommunale tenester. Saman med andre liknande kommunar har kommunen tidlegare teke opp dette gjennom fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rådmannen vil rå til at kommunar med institusjonar for høgare utdanning må få kompensasjon for studentar som ikkje er folkeregistrerte i kommunen.

Regionsenter

Sogndal har eit tenestetilbod og til innbyggjarar i nabokommunane, det vere seg kultur- og fritidstilbod og utbygd teknisk infrastruktur (sentrumsfunksjonar). Det vert forventa at Sogndal som regionsenter skal gje eit tilbod innafor desse funksjonane som dekkjer trongen også i andre kommunar i regionen. Det er også særskild viktig at regionsentertilboda eksisterer for å bidra til å sikre busetnad og sysselsetnad i regionen. Det følgjer auka kostnader knytt til eit regionsenter. Desse kostnadene bør det gjevast kompensasjonen i inntektssystemet.

Jostein Aanestad
rådmann